

VILKÅR FOR INVESTERINGSSTØTTE TIL MERKUR-BUTIKKAR

Retningslinjer utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, i samarbeid med Merkur-programmet

1. Ordninga gjeld for Merkur-butikkar

Ein Merkur-butikk er ein butikk som har delteke, eller deltek, i Merkur sitt programopplegg. Butikkar som forpliktar seg til å delta i Merkur-programmet, kan òg omfattast av ordninga. Bokhandlarane i Merkur blir ikkje omfatta av ordninga.

2. Vilkår for støtte

Butikkane må oppfylle krava til

- Avstand til næraste butikk – 10 km
- Kundegrunnlag – nærmarknad på under 200 husstandar
- Omsetning – under kr. 10 mill. ekskl. mva., ekskl. drivstoff og kraftfôr/gjødning
- Tilfredsstillende Mattilsynet sitt krav til standard og ha eit vareutval i samsvar med ernæringsmessige mål, samt vere open heile året¹

Vilkåra er nærare beskrive i punkt 4 og 5.

Unntak frå vilkåra: Etter ei fagleg vurdering, kan det opnast opp for å gi støtte til butikkar med avstand ned til 5 km og omsetning opp til kr. 13 mill. Unntakssaker blir lagt fram for programstyret.

3. Tilleggsoppgåver og uttale frå kommunen²

Søknadsskjemaet skal fyllast ut med informasjon om tilleggsoppgåver butikken har, og skal ha påteikning frå kommunen over tenester/oppgåver som butikken utfører for kommunen (t.d. bossordning, vedlikehald av veg og snøbrøyting, kommunal informasjon, offentleg servicekontor etc.). Kommunen skal signere på søknadsskjemaet, eventuelt som eige vedlegg, sjølv om butikken ikkje utfører tenester/oppgåver for kommunen. Ein slik attestasjon skal innehalde stadfesting på avstand til næraste daglegvarebutikk, samt ei vurdering av kor viktig dette tilbodet er for bygda, og gjerne med ei anbefaling av søknaden.

4. Investeringsstøtte

Investeringsstøtta skal hovudsakleg gå til fysiske investeringar, og er avgrensa til maksimalt kr. 400.000,- pr. år. Søknader på minimum kr. 25.000,- i søknadsbeløp (støttebeløp) blir handsama.

Det kan ikkje søkjast om støtte til prosjekt som er gjennomført før søknaden er ferdig handsama. Dersom det oppstår akutte behov t.d. erstatte havarert utstyr, skal søkjar vende seg til Merkur-sekretariatet i Førde.

¹ Ein fullverdig daglegvarebutikk er ein butikk som er open heile året og har ope minst 3 kvardagar pr. veke i lågsesongen. Lokale tilpassingar der minimum opningstid blir fordelt over fleire kvardagar pr. veke, vil òg bli akseptert.

² Kommunen skal gje ei fråsegn om søknaden. Dersom ein søker fleire gonger i same kalendarår, er det tilstrekkeleg at kommunen skriv ei «velvillighetserklæring» der dei tilrår søknaden og viser til førre fråsegn frå kommunen datert inneverande år. Det kan også vere tilstrekkeleg at kommunen brukar same framgangsmåte året etter dersom det ikkje har skjedd vesentlege endringar i butikken sin relasjon til kommunen.

- a) 75 % støttesats: Butikken må ha minst 10 km langs veg til næraste fullverdige innkjøpsalternativ, eller ligge i veglaust samfunn/øy, og omsetninga må vere under kr. 7 mill.
- b) 50% støttesats: Butikkar med kr. 7-10 mill. i omsetnad og over 10 km til næraste innkjøpsalternativ kan søkje om 50 % investeringsstøtte.
- c) Søknader frå butikkar med avstand ned til 5 km og omsetning opp til kr. 13 mill., kan unntaksvis få innvilga støtte på 50%. Slike søknader blir førelagt programstyret før vedtak.

5. Investeringsformål

Butikken må i søknaden oppgje kva tiltak ein ynskjer å gjennomføre for investeringsstøtta, samt eit kostnadsoverslag eventuelt med tilbod frå leverandør. Tiltaka som skal støttast må vere retta inn mot å utvikle daglegvarebutikken og drifta av denne.

6. Årsrekneskap

Kopi av siste års rekneskap skal leggest ved søknaden.

7. Søkjar sitt ansvar

Søkjar er fullt ut ansvarleg for at søknaden er fullstendig utfylt med alle opplysningar som er etterspurd i søknadsskjemaet, og inneheld naudsynte påteikningar og vedlegg, jf. punkt 3, 6, og 7. Likeeins er søkjar fullt ut ansvarleg for å sjå til at opplysningane i søknad og vedlegg er korrekte. Søknader som ikkje er fullstendig utfylt eller manglar påteikningar og vedlegg, blir ikkje handsama.

8. Utbetaling av støtta

Støtta vert vanlegvis utbetalt etter at prosjektet er ferdig. Ved spesielle høve og der kostnadene blir dokumentert, kan det opnast for inntil tre delutbetalingar pr. prosjekt, dersom dette er avgjerande for at prosjektet blir gjennomført. Ved delutbetalingar blir dei siste 25% først utbetalt etter at prosjektet er gjennomført.

- **Investeringsstøtte:** Dokumentasjon/utbetalingsgrunnlag er prosjektrekneskap i samsvar med kalkulert kostnad i søknaden, stadfesta av revisor eller rekneskapskontor, jf. punkt 10. For mindre prosjekt kan utbetalingsgrunnlaget, etter avtale med sekretariatet, vere originalfaktura saman med betalingskvittering. Investeringsstøtta er ikkje skattepliktig for butikkar som ligg innafør det distriktpolitiske verkeområdet³. Støtta skal heller ikkje redusere avskrivingsgrunnlaget.

Det vert ikkje gitt støtte til investeringar som allereie er gjennomført før søknaden er ferdig handsama.

Dersom prosjektet krev mindre kapital enn forventa, kan Merkur redusere tilskotet forholdsmessig.

9. Attestasjon av prosjektrekneskap for investeringar

Mal for rapportering/prosjektrekneskap kan lastast ned frå Merkur si webside. Prosjektrekneskapen skal attesterast før innsending saman med bilag knytt til prosjektet:

Tilsegn kr. 200.000 - 400.000	Revisorstadfesting etter ISRS4400
Tilsegn opptil kr. 200.000	Stadfesta av aut. rekneskapsfører
Tilsegn under kr. 50.000	Eigenerklæring av dagleg leiar/styreleiar

³ [Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte.](#)

10. Tilbaketrekking av tilsegnet/tilbakebetaling av støtte

Tilsegnet vil kunne falle bort, heilt eller delvis, dersom mottakaren gir urette opplysningar, eller endrar planane som ligg til grunn for tilsegnet utan å ha fått samtykke frå Merkur på førehand. Tilsegnet vil òg falle bort dersom mottakar søker gjeldsforhandlingar, går konkurs, eller avviklar verksemda.

Utbetalt tilskot kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom verksemda, eigedomen eller utstyret blir selt eller flytta ut av landet eller frå eit distriktspoliktisk verkeområde til eit anna verkeområde, innan fem år rekna frå utbetalingsdato, med mindre anna er bestemt av Merkur. Tilskotsmottakar pliktar å orientere Merkur på førehand.

11. EØS-regelverket – opplysningsplikt

Tildeling av støtte skjer i samsvar med reglane for såkalla bagatellmessig støtte. I følgje desse reglane kan støttmottakar ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro (ca. 1,6 mill. kr.) over eit tidsrom på 3 rekneskapsår, frå t.d. Merkur-programmet, kommunale næringsfond eller andre offentlege organ. Vi gjer merksam på at differensiert arbeidsgiveravgift i sone 1a⁴ òg blir karakterisert som bagatellmessig støtte. Før tilskotet kan utbetalast, må søkjar stadfeste at:

- det ikkje er mottatt tilbod om bagatellmessig støtte i inneverande år og dei to føregåande rekneskapsåra, eller der slik støtte er mottatt.
- storleiken på beløpet, støttekjelde og tilbodstidspunkt.

Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttmottakar plikt til å opplyse om denne støtta. Opplysningsplikta gjeld i 3 rekneskaps år frå tilbodstidspunktet. Klikk her for meir informasjon om [bagatellmessig støtte](#).

Støtte som er gitt i strid med dette regelverket, kan krevjast tilbakebetalt.

⁴ Dette gjeld kommunane: Gausdal, Sigdal, Iveland, Vegårdshei, Sirdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Vindafjord, Finnøy, Modalen, Kvam, Bømlo, Etne, Førde, Sogndal, Flora, Gjemnes, Eide, Aukra, Midsund, Haram, Herøy, Frosta, Leksvik, Midtre Gauldal, Rissa og Selbu kommune (<http://distriktssenteret.no/2014/06/04/sone-1a/>).